



# Bremanger kommune

## Ordfører

Vestland Fylkeskommune  
Att. Rune Haugsdal

5008 BERGEN

**Vår ref:**  
20/4808 - - AKF

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
12.05.2020

### Søknad om fullfinansiering av Kalvåg fiskerihamn

Bremanger kommune har vært i kontakt med administrasjonen i Vestland fylkeskommune ved fleire høve for å få retningslinjer for søknad om finansiering av fiskerhamner prioritert på NTP 2018 - 2029. Ein ser no at det at det føreligg søknad som skal behandlast i hovudutvalet for næring, naturressursar og innovasjon. Og ein tolkar dette som at fylkeskommunen er klare for å kunne ta imot søknader for finansiering av fiskertihamntiltak i regionen.

Vi viser til møte den 08.11.2019. med fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling Bård Sandal og direktør for eigedom Jostein Fjærestad. Samt presentasjon for hovudutvalet for næring, naturressursar og innovasjon den 11.03.2020. Kalvåg fiskerihamn er godt kjent for fylkeskommunen.

Kalvåg fiskerihamn er prioritert i kommunale, regionale og nasjonale planer. Kalvåg fiskerihamn har vært prioritert i NTP 2014 – 2023, og er prioritert i NTP 2018 – 2029. Byggestart for fiskerihamna var satt til 2018, når Bremanger kommune starta fiskeriutbyggingsprosjektet i 2010.

Kalvåg fiskerihamn er komen langt i sitt prosjekt som omfattar utbygging av næringsareal og tilkomst. Siste byggetrinn «kysthamna» står att før ein kan sei at Kalvåg fiskerihamn står klar som ei berekraftig fiskerihamn som vil stå seg i framtida. Siste byggetrinn er klart som eit hovudprosjekt, i hovudsak er det skjermingsmoloane og utdjupinga av hamna som ligg inne i søknaden frå Bremanger kommune.

Status for prosjektet kan samanfattast slik:

- Prosjektet er ein del av Nasjonal Transport Plan for perioden 2024-2029 med ein ramme på **98 millionar kroner.** (inkl. mva)
- Det ligg føre godkjend reguleringsplan for området for 2010.
- 01.12.2019 - Området er detaljregulert i reguleringsplanen «Kalvøya, Kalvåg i Bremanger» PlanID 2010004 – status som hovudprosjekt.
- Komplette konkurransegrunnlag med beskriving av anskaffelsen.
- Alt av grunnverv er gjennomført, og Bremanger kommune er eigar av heile området for tiltaket.

**Adresse**  
Rådhuset, Postboks 104,  
6721 Svelgen

**Telefon:**  
57 79 63 00

**Org.nr.**  
959 318 166  
**Bankkontonr.**  
3776 07 50035

**E-post postmottak:**  
post@bremanger.kommune.no  
**E-post sakshandsamar:**  
anne.kristin.forde@bremanger.kommune.no

**Internett**  
www.bremanger.kommune.no

Bremanger kommune søker med dette om fullfinansiering av Kalvåg fiskerihavn med ei øvre ramme på 76,2 millionar kroner eks. mva. for investeringsbudsjettet 2021 – 2024. Med prioritering i nye behov i regional utvikling innan bygg og eigedom.

Helsing

Anne Kristin Førde  
Ordfører

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Vestland Fylkeskommune	Fylkesordfører	5008	BERGEN
Vestland Fylkeskommune	Innovasjon, samfunn og næringsutvikling	5008	BERGEN

**Vedlegg:**

Skisser Kalvåg 2010 - 2022  
Forprosjekt Kalvåg fiskerihavn 20170711  
Prosjektrapport Kalvåg Fiskerihavn  
Vedlegg 6.2-Tegninger